

HOG ENERGI  
Strandgaten 6  
5013 BERGENDato: 19.03.2018  
Vår ref.: 2014/12933-15  
Saksbehandlar: artarne  
Dykkar ref.:

## Fylkesbudsjettet 2018; Tildeling av kr 400 000 i næringsretta partnerskapsmidlar 2018

I fylkeskommunen sitt budsjett for 2018 er det sett av 6,048 mill kr på budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar». Det vert òg nytta 6 mill kr over budsjettposten «Driftstøtte eigarskapsforpliktingar». For 2018 styrka også Fylkestinget budsjettet med 950 000 kroner som dei fordelte på konkrete aktørar.

I tillegg blir det nytta 1,9 mill. kr av budsjettet i Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland (HNH 2018) til næringsretta partnerar.

Totalt løyver fylkeskommunen kr 12,998 mill. kr i partnerskapsmidlar i 2018.

Fordeling av støtte til partnerar som vert løyvd midlar i 2018 vart handsama i samband med Fylkestinget si handsaming av budsjett for 2018, 12.12.2017. Totalt får 27 partnerar og utviklingsaktørar støtte frå fylkeskommunen i 2018. E-magasin av budsjettframlegget finn de [her](#). I samband med budsjetthandsaminga vart det fremja ei tilhøyrande referatsak gjeldande fordelinga av partnerskapsmidlane. Denne finn de [her](#).

I Fylkesbudsjettet blei det gjort vedtak om at HOG Energi skal få totalt kr 500 000 i partnerskapsmidlar for 2018 over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar». Av dette går kr 100 000 til å dekke fylkeskommunen sin medlemsavgift til HOG Energi. Dette tildelingsbrevet gjeld den resterande løyvinga for 2018 på kr 400 000. Vi viser også til inngått avtale om partnerskap for perioden 2018-2020.

I sin vurdering av partnerskapsmidlar til dykk peikte fylkesrådmannen på at søknaden synleggjer korleis aktøren kan fremje innovasjon og vekst i etablerte bedrifter på ein grei måte.

Det blei også peikt på at HOG Energi har også sett i verk eit arbeid for å tilpasse si framtidige rolle som ein nødvendig strategisk samarbeidspartner for det nye fylket på Vestlandet. Fylkeskommunen tek atterhald om å vurdere resultatet av denne prosessen før ein vidarefører støtta for 2019. Det vert også vist til punkt 7 i Partnerskapsavtalen.

I HNH 2018 er det innafor energisektoren definert følgjande særskilte innsatsområde som vi ber HOG Energi ha ei særskilt fokus på:

Energieffektivisering og miljøvenlege energiformar

Auka konkurransekraft i leverandørindustrien knytt til petroleumsnæringa, for å møte omstillingsutfordringane.

Rapportering for 2018 skal skje i tråd med partnerskapsavtalen. Partnerskapsmidlar for 2019 vil ikkje bli utbetalt før årsrapportering for 2018 er godkjent.

**For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura(EHF) til Hordaland fylkeskommune. Fakturaen skal være utan mva.**

Send faktura til Hordaland fylkeskommune

- Elektroniske fakturaadresse: 9908:938626367
- Aksesspunkt: Visma

NB! Faktura tilsendt pr. post eller e-post blir returnert.

Merking av faktura

- **Dykkar referanse** er eit obligatorisk felt i EHF-standard. Vi nyttar eit femsifra tilsettnummer for at din faktura skal gå automatisk på flyt til rett mottakar.
- **Dykkar referanse** i xml-fila: AccountingCustomerParty/Party/Contact/ID

**TILSETTNUMMER: 10140**

**EPHORTENUMMER: 2014/12933**

For utfyllande informasjon sjå:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/innkjop-og-faktura/>

Som mottakar av partnerskapsmidlar har de ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt partnerskapsmidlar skal betalast attende snarast.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane blir forvalta i samsvar med vilkåra for støtte frå fylkeskommunen. De pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjent med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson er Arthur K. Arnesen, telefon 970 93 086, e-post [arthur.kristian.arnesen@hfk.no](mailto:arthur.kristian.arnesen@hfk.no)

Som partner ønsker vi dykk lykke til arbeidet med å realisera mål, strategiar og prioriterte innsatsområde for næringsutvikling i Hordaland slik det går fram av vår partnerskapsavtale, dette tildelingsbrevet og HNH 2018.

Med helsing

Bård Sandal  
Fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora  
Næringssjef

Kopi: - Regionalavdelinga v/økonomi: 10.160.308

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*